



KYSTPASS

2022



30 RAMSALTE TURMÅL FOR STORE OG SMÅ!

Naturopplevelingar for livet!

Sotra Øygarden Turlag





Har du oppdagat turgleda?

@ f FØLG OSS

Bli medlem her:

sotraoygarden.dnt.no



Støtt gjerne
Kystpasset med
Vippsnummer:

689652
"Kystpass2022"

Du kan også scanne
denne QR-koden:



Etter to år med pandemi er det mange som har oppdagat glede av å kome seg ut i naturen. Samfunnet har vore prega av periodar med nedstenging og lite sosial kontakt. Naturen derimot er alltid open og den gjev oss eit etterlengta avbrekk. Nokon søker fellesskapet på tur. Andre søker pusterom og aleinitet, eller bruker naturen som treningsarena.

Tida går sakte i naturen og du får meir tid til å tenke. Du blir rik på inntrykk. Sosiale media byr på mange flotte naturbilete, men du sveiper som regel kjapt vidare til neste bilet. Ute i naturen blir alle sansar stimulert. Du kjenner lukta av salt hav og blomstrande lyng. Du tek ein smakebit av modne blåbær som du finn langs stien. Høge grasstrå kítlar lett borti handa di medan du går. Du hører dunder frå bølgjer som slår mot klippene og kjenner på vinden som riv i hetta di. Du møter andre turgåarar som du kanskje aldri har møtt før, men som går same tur som deg gong etter gong. Av og til slår du gjerne av ein prat.

Er dette noko du kjenner deg att i? Då har du oppdagat den turgleda me ynskjer å dele ved å legge til rette for at flest mogleg kjem seg ut på tur. Tusen takk til alle som er medlem i DNT og støttar vårt arbeid med å planlegge turane. Om du ikkje er medlem så er det aldri for seint å melde seg inn. Påmeldinga er open kvar dag heile året.

Beste helsing Heidi Reisegg Endal,
Styreiar Sotra Øygarden Turlag.

STØTT OSS GJERNE GJENNOM GRASROTANDELEN



Sotra Øygarden Turlag



Innhald:

2. Er du DNT-medlem?
4. Fri ferdsel
6. Bålbrening
6. Utlån av turutstyr
7. UT.no
8. Turvett
9. Miljøvettreglene
10. Fritidsfiske
12. Telttips
13. Hengekøyetips
14. **Turar: Sør**
16. Lerøy
17. Børnestangen
18. Bestemortre
19. Selekledden
20. Bekhilderen
22. Grana
24. Storaskjenet
25. Haganefjellet
26. Randifjellet
27. Veten
28. **Turar: Midten**
30. Liatårnnet
31. Larslibua (kyrkjevegen
Foldnes - Hjelteryggen)
32. Bekkebrua i Kollveitmarka
33. Spjeldsfjellet
34. Gardafjellet Sauafjellet
36. Signalen på Møvik
37. Maggevikja
- 38 Ånesvika
39. Varden på Lokøy
41. Vest i Markja på Misje
42. **Turar: Nord**
45. Pardalsmyra
46. Storskora
47. Anekletten på Toftøy
48. Dethloffhytta
50. Rambogen
51. Skogsøy
52. Kvædnane
53. Lislestakken
54. Gløvrebu
55. Rubbegarnståna
60. Hovudsponsorar + Gutta på tur
61. Opplev Øygarden
62. Om turgruppene
63. Søndagsgruppa
64. Tirsdags- og Onsdagsgruppa
66. Slik bruker du klippekortet
67. Klippekort

RETT TIL FRI FERDSEL JA, MEN....

DETTE MÅ DU VITE OM FRILUFTSLOVEN OG ALLEMANNSRETEN:
 Allemannsretten gjev alle rett til å ferdast og opphalde seg i utmarka i Noreg – når ferdselen "skjer med omsyn og med tilbørleg varsemd".
 Allemannsretten er lovfesta i friluftsloven.

Det er viktig å skille mellom innmark og utmark:

INNMARK ER

- Gårdsplass, hustomt, dyrka mark, engslått og kulturbete eller liknande områder
- Små utmarksarealer som er omslutta av innmark
- Områder som er sperra av til vern av drikkevatn, områder reservert for viltoppdrett, annan næringsverksemd eller militær aktivitet

UTMARK ER

- Alt som ikke er innmark
- Det meste av skog, fjell, myr, strand og vatn

Det er ikke lov å ferdast på innmark. Unntak gjeld dersom eng eller åker er frosne eller snødekt i tida 15. oktober til 29. april.

Det er lov å dra opp båt eller kano på strandstrekning i utmark, for kortare tid. Du kan ikke bruke kai eller brygge utan løyve fra grunneigar eller brukar.


Du kan fritt telte same stad i utmark inntil to døgn i låglandet, men ikke nærmere enn 150 meter frå hus eller hytte.

Ville blomar, bær og sopp kan plukkast fritt. Sjøfiske er også lov. Det er lokale reglar for fiske i ferskvatn og vassdrag. Sjå informasjon på kommunale sider.

Følg ellers lokale forskrifter for båndtvang.



Bekhilderen | Foto: Krister Fossheim



NÅR DU NYTER NATUREN TIL FOTS, HUGS Å:

- Ta med deg søppelet ditt heim
- Bruke offentlege toalett der det er tilgjengeleg. Om ikkje, grav ned eller på annan måte sørge for at det ikke er til sjenanse for andre
- Ikke forstyrre dyre- og fugleliv, særlig i yngle- og hekketida
- Ikke skade planteliv, særlig ikkje trua og sårbare artar
- Ikke forstyrre husdyr på beite. Lukk grinder etter deg
- Respektere andre turgårar sitt behov for avstand og stille
- Ikke ta snarvegar over innmark, gjennom tun eller i nærleiken av hus/hytter der det bur folk
- Vere varsam med eld og hugse å sløkke bål heilt før du forlet det. **Hugs bålforbod 15. april - 15. sept.**
- Ikke skade tre når du skal finne ved til bålet – bruk tørre kvistar som du finn på bakken
- Ikke legge bållassen rett på svaberget, då kan berget sprekke.

Meir informasjon om allemannsretten finn du på nettsidene til Miljødirektoratet.





MANGLAR DU UTSTYR TIL TUREN? HER KAN DU LÅNE UTSTYR

BUA FRITHuset – Ågotnes

På BUA kan ein låne det meste til friluftsliv, både sommar og vinter, – alt frå telt og soveposar til ski og skøyter. Alt er gratis til utlån for våre innbyggjarar. Begrensa opningstid. Ring og avtal i god tid.

Øygardsbiblioteka har utlånsordning av mellom anna telt, liggjeunderlag, kokeapparat, redningsvestar, fiskestenger og slukar.

Utlån til skular og barnehagar

Bålpanne, håvar, kompass m.m.

Ta kontakt på førehand for å avtale utlån.

Sjå nettsida: <https://oybib.no/>

ÅLBRENNING

Det er generelt bålforbod i perioden 15. april til 15. september. Dette inneber forbod mot å tenna opp bål og grill i, eller i nærleiken av skog og anna utmark. Brannvesenet kan likevel gje løye til å tenna opp bål, om du søker om dette. Sjekk alltid kva reglar som gjeld før du terner opp bål.

TIPS TIL TRYGG ÅLBRENNING:

- Ta omsyn til skogbrannfare og vindtilhøve.
- Det er alltid den som brenn bål som har ansvaret for branngryggleiken.
- Det bør vera ein voksen, edru person som er ansvarleg for bålet.
- Bålet må vera i god avstand frå busetnaden og vegetasjon.
- Det er ikkje lov å brenna bål på svaberg.
- Bålet må ikkje vera større enn at du har kontroll på det og kan slokke ved behov.
- Ha eigna sløkkeutstyr lett tilgjengeleg.
- Det er forbode å brenna plast, bygningsmaterial og anna søppel.
- Når du forlet bållassen skal bålet vera heilt sløkt.



DNT SjekkUT

I november 2021 vart Sjekk-UT appen stengt. All informasjon frå appen er integrert i den nye UT-appen. Dersom du lasta ned UT-appen FØR sommaren 2021 må du laste ned appen på nytt for å få med alle tidlegare innsjekk i Sjekk-UT appen. Hugs at du må bruke same e-postadresse som du brukte i Sjekk-UT appen.

Viss du ikkje har UT-appen frå før lastar du den ned i Google Play (android) eller Appstore (iphone) og oppretter bruker. Appen er gratis. Hugs å svare "Tillat" på tilganger.

KYSTPASSLISTA FINN DU I UT-APPEN. SLIK GJER DU:

Opne UT-appen > Skriv Kystpass i søkefeltet øverst og scroll nedover søketreffa > velg Kystpass 2022 > trykk på Følg listen. Du er påmeldt og du kan sette i gang.

NÅR DU SKAL SJEKKE INN (MAKS 100M FRÅ TURMÅLET):

Opne UT-appen > trykk på profil nederst til høgre > trykk på mine lister > scroll ned til Kystpass 2022 og trykk på den

> scroll ned til turen du vil sjekke inn på > trykk på SjekkUT > signer i gjesteboka og ta eit bilet om du vil. Du kan også finne turmålet ved å gå rett inn på kartet.

I lista ligg det berre Turmål (= eit gps-punkt). Her er det berre informasjon om sjølv plassen. Kvart turmål er lenka til Turforslag (= nøyaktig skildring av tur, adkomst og kart med nedlastbar gpx-fil) Denne lenka ligg eit stykke nede på sida til turmålet, under Lenker. Dette nye oppsettet gjev deg mykje meir informasjon om korleis du kjem deg til turmålet samanlikna med oppsettet som var i Sjekk-UT appen..

FORKLARING PROFIL:

Mine besøk = dine innsjekkingar

Mine lister = lister du følger

Mine turer = turforslag du har lagra

Mine offline kart = kart du har lasta ned

Mine besøk og Mine lister er dei me bruker i samband med Kystpasset.





Foto: Kine Fieldstad

TURVETT

Nærtur


- Sei ifrå kvar du har tenkt deg på tur
- Lytt til dei som har gått turar før deg
- Ha respekt for vær og vêrmelding
- Ha respekt for gjerde og steingardar
- Ikkje kast søppel i naturen, plukk opp viss du ser noko
- Ta med drikke
- Ha godt fottøy
- Ta med nok klede, bles det er det viktig med noko som er vindtett
- Skal du i båt må du ha med godkjent flyteplagg, lært trafikkreglane til sjøs.

For meir informasjon, sjå:
www.helstute.com

Barn

- Planlegg turen saman med barna
- Sett av tid til undring
- Gå ut i dårlig vær, det blir gode minner
- Leik, du er voksen og har lov til det
- Ikkje snu med ein gong, barn klarar meir enn du trur
- Ha alltid med ekstra «bensin» til barna
- Lukt på mose, bruk alle sansane
- Førstehjelpsutstyr, varme klede og nok mat og drikke høyrer alltid til
- Få hjelp undervegs, barna likar å bidra
- Mål suksess i antall timer ute, ikkje km
- Skryt oppriktig av barna
- Ta pausar undervegs
- Tenk tryggleik - er du i tvil så er du ikkje i tvil

miljøvett-reglene



REIS MINDRE, OPPLEV MER

Jo kortere du reiser, jo mer tid får du til selve turen.



SATS PÅ OPPLEVELSER, IKKE UTSTYR

Turutstyr trenger ikke være nytta før å gjøre nytta si.



FIKS ALT, ALLTID

Gjer gaffateip, ståltråd og lommekniv til fast inventar i tursekkene.



SPIS GRØNT

Det er viktig å få i seg næring på tur. Å spise grønt er bra både for miljøet og helsa.



SAM KJØRING ER BRA KJØRING

Hvis du må reise langt for å komme deg på tur, bruk god tid på planlegging av turen.



VÆR RUSTET MOT UVENTET SØPPEL

Å ha hodel med seg på tur er viktig, også når det kommer til hva du etterlater deg.




VIS VEI, VÆR ET KLIMAFORBILDE

Vær en del av klimalo-sninga, ikke problemet!

**LES MER OM
MILJØVETTREGLENE PÅ:**
www.dnt.no/miljovettreglene/

FRITIDSFISKE

i Øygarden kommune



FISKARAVGIFT / FISKEKORT

Det er fritt fiske i sjøen og på havet, men med to unntak:


- Fiske inst i Fjellspollen er regulert grunna krav om fiskekort i Fjellsvassdraget.
- Fiske innafor 100 meter frå utlaupet av Littlepollen er forbode i perioden 16.09 – 30.06.

Det er som hovudregel ikkje krav om fiskekort for fiske i innsjø/elvar i Øygarden kommune. Vanlegvis er det heller ikkje nødvendig med løye frå grunneigar til såkalla tålt fiske med stong frå land.

Fiske med garn må ha samtykke frå grunneigar. Venlegst avklar med grunneigar før ein går over innmark for å kome til fiskevatn.

Det er krav om fiskekort for fiske i Fjellsvassdraget. Dette kan du kjøpa på Cirkel K (Fjell gard) og hjå Sotranot as (Sartor Storsenter).

Fiskeperioden er frå 01.07 – 15.09.



TELT TIPS

i Øygarden kommune

I Øygarden kommune skjuler seg seg mange små fine teltplassar. Har du ikkje telt? Hugs at du kan låne på Bua Øygarden. Ta gjerne kontakt i god tid på førehand. For at teltturen skal bli bra er det viktig å ta med nok mat og drikke. Det er ikkje drikkevasskjelder på teltplassane.

På DNT sine nettsider finn du god informasjon om å sove ute, under digitale friluftskurs: <https://www.dnt.no/digitale-friluftskurs-/>

Tyssøy

Bergen og Omland friluftsråd har eit flott friluftsområde i Smivågen på Tyssøy. Her er det plen, benker, strand og badepllass. Fleire fine turstiar på øya. Toalett nokre hundre meter frå stranda. Les meir her: <https://bof.no/områder/> eller ut.no (søk på Rundtur på Tyssøy)

Sandeie

Ei skjult perle ute i havgapet. Her er det eit stort område med skjelsand som har blitt skylt inn frå havet. Her er også ei naturleg grasslette der det er fint å sette opp telt. Les meir på ut.no (søk på Sandeie på Algrøy)



Fiskeleppet

Kjend for sitt flotte klatrefelt med fleire titals klatreruter. Ved klatrefeltet er det ei stor grasslette der det er fint å telte. Her er det også ein lavvo i solid treverk med vedomn. Ta med eigen ved. Les meir på ut.no (søk på Grana/Fiskeleppet)

Ormhilleren

Populært friluftsområde som er tilrettelagt av Bergen og Omland Friluftsråd. Her er det barnevenleg badefjøre, grassletter og fine svaberg. Badefjøra ligg i ei lun og skjerma vik ute i havgapet og har fin sandbotn. Toalett ved badevika. Les meir her: <https://bof.no/områder/> eller ut.no (søk på Ormhilleren i Øygarden)

Skogsøy

Ute ved Skogstuo er det nokre fine små grasflater der du kan telte. Flott utsikt mot havet og du kan nyte både solnedgang og soloppgang. Det står ein benk med bord på toppen. Les meir på ut.no (søk på Skogsøyna i Øygarden)

HENGKØYE TIPS

i Øygarden kommune

Les meir om turane på ut.no

Trollskogen på Algrøy

Flott naturleikeplass i lun granskog på veg ut til havet i vest på Algrøy. Her er det troll, zipline, klatretau og bålpllass.

Pardalsmyra

Flott naturleikeplass i lun furuskog. Her er det også bålpllass og benker. Dette er ein Kystpasstur 2022.

Rubbegarnståna

Heilt på nordspissen av Øygarden er det fin furuskog nær sjøen. Fine høye for fiske her. Hugs redningsvest, mykje strøm i vatnet. Dette er ein Kystpasstur 2022.

HUGS SPORLAUS FERDSEL

- Ta med søppel heim
- Brenn / grav ned toalettpapir (eller ta det med heim i hundepose)
- Ikke etterlat matrestar, eingongsgrill m.m.



Aktivitetsløypa på Kleppe

Her ligg skogen ganske nær sjøen i ei lun vik. Her er mykje kjekt å finne på for born og voksne.

Fjell Festning

Omlag ein halv kilometer nord for kanontårnet har "Inn på tunet", i samarbeid med skuleelevar, bygd ein gapahuk med utsikt rett ned mot Fjell sentrum. Gapahuken ligg i ein stemningsfull furuskog med mjuk mosebotn.

Les meir om hengekøyeturane på ut.no



Lerøyna



Grana | Foto: Sara van der Moer



Bekhilderden | Foto: Toril Holm Berg



Lerøy | Foto: Monica Boedthker



Bekhilderden, Telavåg

FLOTTE TURAR I SØR

Sør i Øygarden er det flott natur og turane som vert presentert her er eit fint høve til å verta kjent med dette området. Turane passar for både store og små.

TURAR ISØR	SIDE
Lerøy	16
Børnestangen	17
Bestemortre	18
Selekletten	19
Bekhilderden	20
Grana	22
Storaskjenet	24
Haganeshjellet	25
Randifjell	26
Veten	27



Bestemortre | Foto: Kine Fjeldstad



Lerøy

Startpunkt

Fergekai. Fergerute Hjellestad-Klokkarvik, skyss.no.

Normal gangtid

Ca. 1 time. 2,8 km (rundt vatnet).

Evt. 45 min. 2 km t/r fra kaien til turkassen.


40 m.o.h.

Klokkarvik fergekai. Fergetider finn ein på skyss.no.

Fergeturen tek ca. 7 minutt.

TURSKILDNING: Stien startar ca. 1 km frå kaien, første halvdel asfaltert, deretter grus fram til start. Startskilt inn til høgre ved hytte. Tydeleg sti fram til Storavatnet. Ved opning i gamal steingard, gå til venstre. Der er det vått parti. Lett synleg sti langs vatnet. Kjem til nytt vått parti når ein nærmer seg Grønhaugen og turkasse. Frå toppen fortsetter stien til høgre. No går stien ned til badepllass, langs vatnet og fram til stislutt ved nr. 41. Turen rundt vatnet er ein idyllisk og fin tur.

Det er også mogleg å ta ein fin padletur over til Buarøyna rett sør for Lerøy. Gå frå fergekaien inn mot Seilbakken, gjennom tunnel ca 200m. Her er det fint å sjøsette kajakken. Det er gratis å ta med kajakk på Lerøyferga. [Les meir om turen på UT.no](#)



Børnestangen

Startpunkt

Gamle Sund skule

2 timer. 5,6 km t/r


5 m.o.h.

Parkeringsplass

Parkeringsplass vis a vis gamle Sund skule (Sundvegen 1709)

Det er ikkje mogleg å parkere ved stistart. Privat tomt.

TURSKILDNING: Om ein kjem køyrande frå nord, køyr rett forbi gamle Sund skule (Sundvegen 1709) og parker på parkeringsplass på høgre side av vegen. Gå oppover vegen (450 m) til bakketoppen. Kryss hovedvegen og følg Nedre Børnes til stistart. Til saman 1,2 km på asfalt. Vis omsyn når du går over privat oppkjørsel. God sti vidare, noko vått enkelte stader. Fin badevik like etter stistart og ute ved Tangaspissen. Ved høg vasstand kan det vere utfordrande å gå stien på austsida (til venstre der rundturen startar). Fin utsikt utover Korsfjorden på heile turen. Dyr på beite heile året. Ha respekt for gjerder og lat att grinder. Hund i band. [Les meir om turen på UT.no](#)





Bestemortre

Startpunkt

Førdestraumen eller Førde.

Normal gangtid

Ca. 1 time. 2,6 km t/r

Høgde

120 m.o.h.

Parkeringsplass

Førde: sjå parkering Veten. Førdestraumen: parkering på nedsida av hovudvegen langs Keilavegen

TURSKILDNING: Lett kupert terrenget. God sti og fin utsikt. Turen kan gjerne kombinerast med ein tur opp til Veten. Nær Raunedalen er det ein avstikkar til venstre når ein kjem frå Førde. Frå Førdestraumen: kryss hovudvegen og følg Langabergsveien til endes. Stien startar ved snuplassen. Godt merka sti. Ved stiskille kan ein gå begge vegen, enten over haugen til venstre eller til høgre rundt haugen. Når stiane møtest igjen er det litt stigning. På veggen opp til Bestemortreet er det ein fin leirplass med leikeområde. [Les meir om turen på UT.no](#)



Selekletten

Startpunkt

Tofterøy skulehus

Normal gangtid

Ca. 2 timar rundtur. 4,8 km

Høgde

60 m.o.h.

Parkeringsplass

Parkeringsplass på nedsida av Tofterøy skulehus.

TURSKILDNING: Følg FV 560 retning Steinsland. Rett før Steinsland: køyr til høgre og inn på Tofterøyvegen. Følg denne fram til Tofterøy skule. Frå Parkering: gå tilbake på hovudvegen langs vatnet. Ta første veg til høgre etter vatnet. Følg vegen innover til du får ei lita grind på høgre side. Gå gjennom grinda og følg stien som er merka med rauda merkepinnar. Kan også starte i andre enden av rundturen: gå tilbake på vegen langs gjerdet til skuleplassen. Ta av til høgre ved enden av gjerdet. Følg rauda merkepinnar. Dette er ein fin tur i relativt flatt terrenget. Nokre våte parti. Beitedyr på innmark langs vatnet. Vis omsyn. Ta gjerne turen oppom Selefjellet. Fin badeplass i Skjelevika. [Les meir om turen på UT.no](#)





Bekhilderen

Startpunkt

Telavåg idrettsplass

Normal gangtid

2,5 timer. 5,6 km t/r (frå stistart)


Høgde

Ca. 14 m.o.h. (turkassen) 1,5 m.o.h. (hulen, ved fjøre)

Parkering

Telavåg idrettsplass.

TURSKILDRING: Kriss hovudvegen og følg denne litt tilbake. Gå ned til høgre, Selstøsjøen (infotavle her). Følg vegen og gå inn til Håvarden, på venstre side av vegen. Følg vegen til toppen av bakken. Her er stistart til venstre. Først grusveg, så over på sti. Ein kan sjå eit restaurert kvernhus på venstre side i enden av skogen. Herfrå går stien skrått oppover til venstre og deretter til høgre. Stien er merka med blå merker. Nokre bratte parti på denne turen. Ved stikkile tek ein til høgre: "ytre løype". Raude merkepinnar vidare. Ved skilt mot Bekhilderen, gå mot vest (høgre). Følg terrenget mot vest og gå ned på venstre side av klippen. Turkassen står i terrenget før ein kjem til svaberga. Gå mellom steinblokkene og gå langs fjellveggen ut til Bekhilderen. OBS: følg med på tidevannstabell!! Ikke mogleg å gå inn/ut av grotta utan at det er MAKS fjøre. **Les meir om turen på UT.no**



Aktivitetsløypa på Kleppe | Foto: Toril Holm Berg

Les meir på [ut.no](#)



Grana

Startpunkt	Telavåg skule
Normal gangtid	1,5 time. 4 km t/r.
Høgde	Ca. 7 m.o.h.
Parkeringsplass	Telavåg skule

TURSKILDRING: Gå vidare innover vegen frå skulen. Rett førsiste hus går stien ned til venstre (skilt mot Sørsvika/Nesvika). Følg rauda merkepinnar gjennom skogen til ein kjem til ei stor grasslette. Kryss heile sletta. Ein går då forbi klatreområdet "Fiskesleppet" på høgre side. På venstre side går det ein sti bort til ein lavvo. Følg skilting mot Granane. I enden av grassletta går ein ut på sti igjen. God sti i lett terreng. Kan være vått heilt i starten av turen. Flotte svaberg og utsikt mot havet.

[Les meir om turen på UT.no](#)




Storaskjenet

Startpunkt	Skogsvåg barneskule
Normal gangtid	2 timer. 4,2 km t/r
Høgde	175 m.o.h.
Parkeringsplass	Sundhallen (Finkelhølsvegen 56)

TURSKILDRING: Parker ved Sundhallen. Gå opp til «rundkøyringa» ved Skogsvåg barneskule der turen startar på grusveg (den til venstre med infotavle for turområde). Etter eit stykke på grusveg kjem du til stikryss. Ta til høgre opp gjennom skogen. Her er det klatretau og disser. Følg merka løype vidare. Det kan vere noko vått på enkelte stader. Fin utsikt på toppen. Sau på beite om sommaren. Vis omsyn.

[Les meir om turen på UT.no](#)





Haganesfjellet

Startpunkt

Til venstre i svingen rett før parkering

Normal gangtid

Ca. 2 timer. 5,2 km rundtur.

Høgde

232 m.o.h.

Parkering

P.plass på høgre side av vegen eit lite stykke etter Haganesvatnet.

TURSKILDRING: Følg vegen litt tilbake frå parkeringen. Sti inn til høgre i svingen. Litt bratt stigning på smal sti etter nokre hundre meter. På toppen kan ein velge å gå rett fram eller til høgre. For å få ein fin rundtur er det best å gå rett fram. Ein går då forbi fleire fine små fossefall og vatn. Følg stien til høgre etter dette. Vått parti på flaten før siste stigning. Gå først til venstre etter denne flaten, deretter til høgre. Følg fjellsida opp til toppen. Flott rundskue. [Les meir om turen på UT.no](#)



Randifjell

Startpunkt

Førde eller Vorland

Normal gangtid

Førde: ca 2,5 timer, 6 km t/r. Vorland: ca 2 timer. 5 km t/r

Høgde

240 m.o.h.


Parkering

Førde eller ved gamle Haugeskulen (Sundvegen 630)

TURSKILDRING: Frå Førde: Om ein kjem frå nord, kør ei stykke forbi Klokkarvik. Ta av vegen til høgre ved skiltet Førde. Parkering ei stykke opp i vegen og skilt mot Veten. Følg grusvegen (Vetenvegen) oppover frå parkeringen, hald til venstre. Etterkvart over i terreng. Følg stien til det kjem skilt mot Randifjell. Følg merking vidare til Randifjell.

Frå Vorland: Parkering ved gamle Haugeskulen (Sundvegen 630). Turen går via Vorlandstuva. Følg grusveg til enden av Vorlandsvatnet. Følg sti til høgre mot Vorlandstuva. Bratt stigning eit lite stykke. På toppen av stigningen tar du stien til venstre. Ny stigning før du kjem til Vorlandstuva. Følg skilt/merkepinner vidare til Randifjell. Ein del våte parti både frå Førde og Vorland. Godt skotøy er anbefalt.

[Les meir om turen på UT.no](#)





Veten

Startpunkt

Mange startpunkt – dei mest brukte er Stranda skule og Førde.

Normal gangtid 2 - 3 timar. 4 - 4,4 km t/r (avhengig av startpunkt).


Høgde


284 m.o.h.

Parkering

Førde/Stranda skule

TURSKILDNING: **Frå Førde:** Om ein kjem frå nord, kør eit stykke forbi Klokkarvik. Ta av vegen til høgre ved skiltet mot Førde. Kør nesten til endes. Her er parkering og skilt mot Veten. Følg grusvegen (Vetenvegen) oppover frå parkeringen, hald til venstre. Etterkvart over i terreng. Jamn stigning. **Frå Stranda:** Stien startar ved bassenget (bygning på venstre side før stien). Nokre 100m innover grusvegen kjem du til ein lavvo og "Gitaren" som er eit flott byggverk. Fin sti vidare. Ved stiskille mot Storevarden fortsetter stien rett fram gjennom Vetadalen. Ny stigning på slutten. Nær toppen passerer ein flymotoren etter flystyrт i 1948 (les meir på UT.no). Veten er den høgaste toppen sør i kommunen. Kikkert og sikteskive på toppen som viser fjelltoppar i 33 kommunar. [Les meir på UT.no](#)





FINE TURAR I MIDTEN

I midten av Øygarden er det flott natur, og turane som vert presentert her er eit fint høve til å vera kjent med dette området. Turane passar for både store og små.

TURAR: MIDTEN	SIDE
Liatårnet	30
Gardafjellet	31
Bekkebrua i Kollveitmarka	32
Spjeldsfjellet	33
Larslibua (Kyrkjevegen Foldnes - Hjelteryggen)	34
Signalen på Møvik	36
Maggevikja	37
Ånesvika (Kan padle eller gå)	38
Varden på Lokøy	39
Vest i Markja på Misje	41



Liatårnnet

Startpunkt

Haganes

Normal gangtid

4 timar. 8,8 km t/r

Høgde

341 m.o.h.

Parkeringsplass

Haganes (grusplass på høgre side av vegen etter Haganesvatnet)

TURSKILDNING: Det høgaste fjellet i Øygarden er eit populært turmål, med utsikt i alle himmelretningar. Det er fleire startpunkt, men her tek me utgangspunkt i stien som følger Nordsjøløypa frå Haganes. Følg vegen nokre hundre meter tilbake etter parkering. Stistar i svingen på høgre side av vegen. Følg stien oppover skaret. Ved skilt på toppen av skaret skal etniske følge skilt mot venstre, men fortsette rett fram mot aust. Etter nokre fine små fossefall går stien til venstre. Følg raude merker nordover. Etter eit stykke kjem ein inn att på Nordsjøløypa. Følg denne til toppen. Bratt stigning siste del opp mot Liatårnnet. Andre startpunkt er parkeringsplassen ved Fjell Festning, frå Li eller frå toppen av Bildøybakken.

[Les meir om turen på UT.no](#)



Gardafjellet

Startpunkt

Nedre parkeringsplass for Fjell kyrkje

Normal gangtid

Ca. 1,5 time. 4km t/r

Høgde


44 m.o.h.

Parkeringsplass

Nedre parkeringsplass Fjell Kyrkje

TURSKILDNING: Gå først vidare innover på asfaltvegen Kvednhaugen. Kryss vegen og gå inn på grusveg, sti til venstre etter nokre meter. Etter litt stigning og litt flatare terrenget langs vatnet tek ein inn til venstre. Stidele er merka med raud pinne. Her er det laga trapper/kloppar i terrenget. Følg raude pinnar til Gardafjellet. Kloppar på dei våtaste partia, men nokre våte parti utanom. Her er beiteområde, vis omsyn. Fin utsikt i alle retningar frå toppen. Gå vidare i austleg retning. Etter ei stund går ein over ei bru, og følgjer stien vidare til ein møter den gamle kyrjevegen att. Ved stidele: gå til høgre mot Fjell og parkeringsplassen. Ein kan også gå frå f.eks. Morland, Kolltveit eller Kleivane, men då er det vanskeleg med parkering.

[Les meir om turen på UT.no](#)



Bekkebrua i Kolltveitmarka

Startpunkt

Kolltveit kai

Normal gangtid

2 timar. 4,9 km rundtur

Høgde

40 m.o.h.

Parkeringsplass

Ingen parkering heilt nede på kaien.

Bruk offentlege plassar.

TURSKILDNING: Mange fine turruter i Kolltveitmarka. Her vil du få høve til å sjå på fleire stemmer (gamle demninger), berre du tek små avstikkarar frå stien. Fleire infotavler underveis. Turen startar på asfalt, gjennom byggefelt. Gå inn til Kolltveitskaret. Ved nr 20A, gå inn vegen til venstre. Gå til enden og fortsett på stien rett fram. Gå gjennom undergangen under bilvegen. Her er det beiteområde. Vis omsyn. Lamming i april-mai. Hugs bandvang og lukk alle grinder. Gå vidare rett fram over beiteområdet og følg stien. Turkassa er ved Bekkebrua. Eit lite stykke etter turkassa er det stikkile. Gå til høgre. Følg stien rundt vatnet. Vis omsyn når du passerer golfbana. Siste kilometeren tilbake til parkeringen er på asfalt.

[Les meir om turen på UT.no](#)



Spjeldsfjellet frå Fjæreide

Startpunkt

Ved snuplassen på Fjæreide.

Normal gangtid

Ca. 2 timar. 5 km t/r


Høgde

165 m.o.h.

Parkeringsplass

Langs vegen (nokre hundre meter før snuplassen på Fjæreide.)

TURSKILDNING: Stistar opp til venstre ca 100 meter forbi snuplass på Fjæreide. Flott sti med over 40 klopper over dei våte partia, laga av gamle Sotra-Øygarden Turlag. Stien er ein del av Nordsjøløypa. Rett før ein kjem til Spjeld går stien vidare oppover mot venstre. Litt meir stigning her på slutten. På Spjeldsfjellet har ein utsikt i alle himmelretningar. Alternativt kan ein starte på Spjeld eller på Kårtveit, men her er det vanskelegare å parkere. [Les meir om turen på UT.no](#)



Dagsturhyttene

Våren 2021 opna den fyrste dagsturhytta, kalla Larslibua, i Foldnesmarka. Ho er plassert ved Kyrkjevegen mellom Foldnes og Hjelteryggen og er tilgjengeleg for rullestolbrukarar. I 2022 skal to nye dagsturhytter opnast, den eine i nord og den andre i sør.



Dagsturhyttene er eit lågterskeltilbod for turgåarar som er open for alle kvar dag heile året. Det er ikkje tillat å overnatte i dagsturhyttene. Kvar hytte har eit nynorskbibliotek med ulike bøker på nynorsk.

- Her treng du ikkje nøkkel.
- Her kan du finna ro.
- Her kan du møta andre.
- Her kan du nyta utsikta.
- Her kan du drikka teen din og eta matpakka.
- Her kan du faktisk gjera det meste, berre du tek ansvar for at nestemann kjem til ei like flott hytte som du kom til.

Prosjektet er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstiftinga til Sparebanken Sogn og Fjordane og kommunen sjølv. Sotra Øygarden Turlag har vore med å finansiera Larslibua. Målsetjinga er at det skal vera ei dagsturhytte i kvar av dei «gamle» kommunane i Vestland fylke. Du finn ei oversikt over alle dagsturhyttene i Vestland fylke her: www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/dagsturhytta/

Larslibua (Kyrkjevegen Foldnes-Hjelteryggen)

Startpunkt

Parkeringsplassen ved Foldnes kyrkje

Normal gangtid

20 minutt gangtid til Larslibua

Ca. 1,5 time. 5,2 km t/r (heile løypa)

17 m.o.h.

Høgde

Parkeringsplassen ved Foldnes kyrkje.

Parkering

TURSKILDNING: Følg grusa turveg frå Foldnes til Hjelteryggen. Etter ca 15 minutt gange kjem ein til Larslibua som står ved Larslivatnet.

Løypa er universelt utforma, så også rullestolbrukarar kan nyta den fram til Larslibua.

Drikkevatn og rasteplassar langs vegen mot Hjelteryggen. Løypa har automatisk belysning om kveldane. **Les meir om turen på UT.no**





Signalen på Møvik

Startpunkt

Signalvegen, bak Kiwi på Møvik

Normal gangtid

1 time. 3km rundtur

Høgde

159 m.o.h.

Parkering

Kiwi Møvik, lengst vekk frå inngangen.

TURSKILDRING: Turen startar ved Kiwi på Møvik (har du bil bør du parkera lengst vekk frå inngangen). Følg Signalvegen til endes og fortsett oppover ein grusveg. Fin utsikt etter kort tid. Etter omlag 400 meter kjem du opp til Signalvatnet og ei lita demning på høgre hand. Her kan du gå over betongmuren og følge stien vidare. Stien er berre delvis merka, men lett å følgje. Den første toppen du kjem til er austre Signaltoppen. Her er det turkasse. Utsikt mot store delar av kommunen. Du ser også innover mot Askøybrua. Følger du stien vidare mot vest kjem du til vestre Signaltoppen. Flott utsikt mot havet her. Siste del av turen er noko brattare. Ved demningen er det laga trapp ned den brattaste skrenten. Du kjem tilbake til grusvegen ved demningen. [Les meir om turen på UT.no](#)



Maggevikja

Startpunkt

Algrøy skule (Gangstø)

Normal gangtid

2 timer. 5,2km rundtur

Høgde

15 m.o.h.

Parkering

Ved Algrøy Skule (Gangstø)

TURSKILDRING: Gå inn Kongvikvegen og forbi bedehuset. Ved ei stor raud løe går du gjennom ei grind som er merka med skilt "turstier". Her går du eit lite stykke over beitemark. Vis omsyn til sauene. Nederst i bakken står det skilt som viser fleire turmål. Ta til høgre her og følg terrengret rett vestover. Du vil etterkvart sjå gule merkepinner. Følg desse heile vegen. Når du kjem til Smalanese følger du dei gule pinnene nordover retning Maggevikja. Det er eit lite stykke klyving for å kome ned på svaberga. På uværsdagar er det viktig å halde god avstand til havet. Brottsoj kan oppstå. Den karakteristiske Maggesteinen er ein stor steinblokk som ligg rett på utsida av svaberga. Denne kan du sjå frå turkassa. Når bølgene står på er det eit spektakulært skue. [Les meir om turen på UT.no](#)





Ånesvika

Startpunkt Algrøy skule (Gangstø)

Normal gangtid Ca. 3 timer. 5,8 km t/r

Padling Ca. 2 timer roleg padling frå Møvik

Høgde 1,5 m.o.h.

Parkeringsplass Algrøy skule (gange), Storesund (padling)

TURSKILDNING: Stien startar ved grind innerst i Storvegen før Algrøy skule (Gangstø). Følg skilting mot Sandeie og Idlefjell. Etter Idlefjell meir kupert terreng. Følg stien nedover retning sjøen. Ta til venstre ved stiskille nede på flaten der det er restar av gamal steingard. Vått i stien. Bruk godt skotøy. Turen kan også padlast. Start Møvik eller Syltøy Storesund. **Les meir om turen på UT.no**

I Ånesvika er det ein enkel kabin som kan leigast for overnatting.

Kontakt: post@nullmeteroverhavet.no.



Varden på Lokøy

Startpunkt Søre Øyavegen, rett før Lokøy / Syltøy kryss

Normal gangtid 1 time 45minutt. 4,7km rundtur

Høgde 47 m.o.h.

Parkeringsplass Nokre få plassar ved stistart.

TURSKILDNING: Denne turen er variert og fin i lett kupert landskap. Ein går også gjennom villsaubete. Hugs bandtvang! På turen går ein forbi Storavatnet. Her er det fint å ta seg eit bad. Ved varden på Lokøy har ein flott utsikt mot øya Løno som ligg ute i havet i vest. Ein kan også sjå langt innover mot Liatårfjorden i aust. For å kome til varden følger ein mastene rett vest ved stiskille etter omlag 2,5 km. På slutten av turen kjem ein inn på grusveg som går gjennom hyttefelt. Vis omsyn. Når grusvegen svinger skarpt mot høgre skal ein gå inn att på stien til venstre. Etter nokre hundre meter kjem ein inn att på stien der rundturen starta. **Merk** at det er begrensa med parkering. Det er plass til 4-5 bilar. Unngå parkering i busslomme eller langs bilvegen. Dette hindrar biltrafikken. Utforsk gjerne turområda på Algrøy. **Les meir om turen på UT.no**





Vest i Markja på Misje

Startpunkt

Gamle Misje skule

Normal gangtid

1,5 time. 3,9 km (rundtur)

Høgde


32 m.o.h.

Parkering

På skuleplassen ved gamle Misje skule.

TURSKILDRING: Denne turen byr på variert landskap på øya Misje. Frå Skulen tek du til høgre. Etter 300m tek du til venstre og går opp Hansabrekko. I enden av denne krysser du fylkesvegen. Følg skogsvegen på andre sida, rundt svingen og gå inn til høgre til stien ved skilt "Vest i markja". Småkupert terreng gjennom ein flott furuskog som byr på små overraskinger for borna. Klopper over våte parti i skogen. Etter ei stund kjem du til eit leikeområde med zipline og ein gapahuk. Fin utsikt mot havet og Turøy i nordvest. Hald fram vidare retning sørvest, gjennom skogen. Etterkvart vert det meir ope landskap. Du kan også ta av stien og gå ned til fjøra. Følg stien vidare mot sør. Når stien byrjar å skrå nedover går du til venstre, mot aust. Hald fram på stien som går over siste knaus før bilvegen. Følg stien til under bruhaugen og følg asfaltert veg tilbake til skulen, ca 1 km. Det kan vere nokre våte parti. [Les meir om turen på UT.no](#)





FLOTTE TURAR I NORD

Nord i Øygarden har flott natur, og turane som vert presentert her i Kystpasset er eit fint høve for deg å verta kjent med dette området. Turane passar for både store og små.



TURAR I NORD	SIDE
Pardalsmyra	45
Storskora	46
Anekletten	47
Dethloffhytta	48
Rambogen	50
Skogsøy	51
Kvednane	52
Lislestakken	53
Gløvrebu	54
Rubbegarnståna	55



Pardalsmyra

Startpunkt

Turøyvegen, grusa parkeringsplass

Normal gangtid

45 minutt. 2,3 km rundtur.

Høgde

17 m.o.h.

Parkeringsplass

Parkeringsplass ved startpunkt.

TURSKILDRING: Pardalsmyra er ein flott naturleikeplass. Her er det disser, klatretau, zipline og bålplass. Kulturlandskapet i området er spennande og Toftøy nærmiljøutval har restaurert fleire skjeneflorar, som var enkle hus, gjerne bygd av stein som beitedyrene vart tekne inn i for melking, eller ly mot vær og vind. Eit av desse bygga finn ein i Pardalsmyra.

For å kome til Pardalsmyra kører ein retning Turøy. Etter 300-400 meter er det ein liten grusa parkeringsplass på høgre side av vegen. Stien startar til venstre der ein kører inn. Det er fint å gå rundturen som vist i kartet, men for små barn er det gjerne kjekkast å gå rett ned til Pardalsmyra. Stiskille er allereie etter 400 meter. Følg blå merking. [Les meir om turen på UT.no](#)





Storskora

Startpunkt

Du ser inngangen til stien 100 m før du kjem til P-plassen.

Normal gangtid

1 time. 2,5 km t/r

Høgde

22 m.o.h.

Parkeringsplass

Turøyvegen, parkeringsplass ca. 200m før Turøybrua.

TURSKILDNING: Ta av FV 561 og kør retning Turøy. Du ser inngangen til stien 100 m før du kjem til parkeringsplassen. Følg blå merker ut til fyret. Lett tur. Storskora er ein fin tursti og det er fine klatremogleheieter på vestsida av øya. Turen kan gjerne kombinerast med tur i Vikåsen. For dei som ynskjer å fiske er det mange gode fiskeplassar frå land. På sørsida av vegen er det ei fin badevik, denne vart i eldre tider brukt som kastevåg. [Les meir om turen på UT.no](#)



Anekletten på Toftøy

Startpunkt

Ved vegkrysset til Torsvik, langs rv. 561

Normal gangtid

Ca. 1,5 timer. 4,6 km rundtur.

Høgde

35m.o.h.(turkasse) 59 m.o.h. (toppen)

Parkeringsplass

På vestsida av vegen utanfor Torsvik elektriske.

TURSKILDNING: Kryss vegen ved Torsvik elektriske. På austsida av vegen er det sett opp ei tavle med informasjon på fleire språk om denne Nordsjøløypa. Turen er merka med nordsjøløypelogoar og blå merker. Ein går austover ut i utmarka, og dreiar sør og opp på utsiktspunktet Anekletten. Flott utsikt. Vidare sørover kjem ein til restaurerte torvhushus. Turkassen står ikkje på toppen men ved eit av desse torvhusa. Stien sluttar i eit hyttefelt innanfor Breivika og går nord for Norlavatnet. Ute på riksvegen følgjer ein gangvegen ca. 1,5 km tilbake til utgangspunktet.

[Les meir om turen på UT.no](#)





Dethloffhytta

Startpunkt

Høgre side av vegen rett før slutten av Onevegen.

Normal gangtid

Ca. 1 time. 3,2 km t/r

Høgde

14 m.o.h.

Parkering

Parkering ved Rong skule

TURSKILDNING: Ta av FV 561 ved Rong senter. Køy forbi senteret og vidare på Svarteviksvegen. Etter parkering på Rong skule: ta til høgre (Vestesundvegen). Ta andre veg til venstre (Onevegen). Stien startar på høgre side av vegen rett etter ei lita bru. Infotavle ved sti start. Ved første stikkile i starten tek ein til venstre. Turen går ut til vestsida av øya. Heilt ytst ligg Dethloffhytta. Merk at hytta er privat eigd. Vis omsyn. Turkassa er 100m før hytta. Kan gå rundtur om Kvittingsneset lenger sør for å få ein lengre tur. [Les meir om turen og Dethloffhytta på UT.no](#)





Rambogen

Startpunkt	I starten av Stølemyrvegen, venstre side.
Normal gangtid	1,5 time. 3,9 km rundtur
Høgde	46 m.o.h.
Parkeringsplass	Blomvåg Kyrkje

TURSKILDNING: I løpet av våren 2022 kjem det ny Dagstyrhytte her, med flott utsikt i alle himmelretningane. Turstien er merka med blå pinner. Etter ein noko bratt kneik kjem du inn i eit våtområde med rikt fugleliv. Spesielt under hekketida er det viktig å vise omsyn til fuglelivet.

Det er lagt klopper og steiner over dei våtaste partia. Etter 800m kjem du til eit stikkile. Her er det skilta både mot Rambogen og mot Planteskogen. Vidare mot Rambogen er det lett kupert terreng, framleis med klopper og steiner over det våtaste partia. Frå Rambogen kan ein fortsette mot Planteskogen, barnas naturleikeplass, berre 400m vidare. Frå Planteskogen kan du følge stien vidare ned til stikrysset du passerte i starten av turen, så deretter vidare til stistart i Stølemyrvegen. Merk at det er dyr på beite heile året. Ha hunden i band. **Les meir om turen på UT.no**



Skogsøy

Startpunkt	Ved infotavle på venstre side av vegen rett før Langholmsundet.
Normal gangtid	2 timar t/r. 4,9 km t/r.
Høgde	48 m.o.h.
Parkeringsplass	Nokre få plassar i lomme på venstre side av vegen rett etter Langholmsundet.

TURSKILDNING: Start ved infotavle. Hugs å lukke grinda pga at det går sau på beitet. Ha hunden i bånd. Følg sti langs sundet, gjennom skogen og vidare utover mot havet. God utsikt mot havet i vest. Nokre bratte parti etter skogen. Her er det tau ein kan halde seg i. Frå Skogsøytuva er det flott rundskue, varden er ein flott stad å observere havets krefter. Hugs å halde god avstand, dønningene kan kome langt opp. Skogsøy er også ein mykje brukt fugleobservasjonspost, for å studere fugletrekket haust og vår. Sør for varden har BOF ei dagsturhytte (Hildringsbu). Her kan ein sitte i ly og sjå på fugletrekket. For å få ein rundtur kan ein følge stien på austsida tilbake til Herdlevær. Fine bade- og teltplassar ved svaberga sør for varden og aust for Hildringsbu.

NB: bratt stup rett bak Hildringsbu. **Les meir om turen på UT.no**





Kvednane

Startpunkt	Alvheim, i sørrenden av Storavatnet.
Normal gangtid	1,5 time. 5 km t/r (til turkassen)
Høgde	5 m.o.h.
Parkeringsplass	Langs vegen ved stistart, Alvheimstræet.

TURSKILDNING: Gå inn på vegen mot nord og ta til venstre. Stistart i enden av vegen. Følg merka sti på vestsida av Storavatnet, forbi Nordre Kvalvik og gjennom fureskogen til Kvednane. Det er her turkassen står. Her ser ein framleis restar etter ei kværn ved bekken frå vatnet. Frå Kvednane går stien i ope terreng og dreiar etter kvart i nordaustleg retning. Fine klopper på slutten av stien, men det er ikkje mogleg å parkere der stien sluttar, så ein må enten gå tilbake, eller følge hovudvegen tilbake. Då blir det ein rundtur på 6 km. **Les meir om turen på UT.no**



Lislestakken

Startpunkt	Ved Bakken gravplass, andre sida av vegen.
Normal gangtid	Ca 2,5 time. 4,8 km rundtur
Høgde	50 m.o.h.
Parkeringsplass	Ved Hjelme kyrkje

TURSKILDNING: Følg FV 561 til Hjelme Kyrje (ikkje Hjelme gamle kyrkje). Frå parkering går ein over vegen. Stien startar litt til venstre for huset som er på andre sida av vegen. Ved første stiskille er det kortast opp til turkassa om ein tek til høgre, men om ein tek til venstre vert det ein fin rundtur som er verdt å gå. Triveleg rastepestasjon på toppen der turkassa er. Fin utsikt. Det er også fint å gå Nordsjøløypa frå Hjelme gamle Kyrkje, men her er det lite parkering. Einaste snuplassen i området her er ved kyrkja, så det kan ikkje parkere mange bilar her. **Les meir om turen på UT.no**





Gløvrebu

Startpunkt	Bakken gravplass
Normal gangtid	1 time. Rundtur 2,5 km.
Høgde	38 m.o.h.
Parkeringsplass	Ved gravplassen

TURSKILDNING: Gå frå gravplassen gjennom grind (lukk grinda, beitedyr) og følg merka sti heilt fram til Gløvrebu. Stien er lett å gå, litt kupert gjennom skogen. Når du kjem ut av den opnar det seg eit fantastisk utsyn ut over havet med holmar og skjær. Turkassa henger ved eit tre på sjøsida rett før ein kjem til gapahuken Gløvrebu. Ved Gløvrebu er det satt opp bålpanne og små eldstader. Dette er ein fin plass å raste. Her er det også ein liten sti merka Trollstien. Her kan barna leike og kose seg. Høgdepunktet er turen gjennom "Gløvro" - ein smal passasje i fjellet. Passasjen er rundt 50 m lang, 10 m høg og ca. 40 cm brei på det smalaste – ei spennande oppleving. Etter Gløvro kan ein fortsette vidare på stien i rundløypa tilbake til gravplassen. Det er også fint å ta ytre løype som går på nordsida av skogen. [Les meir om turen på UT.no](#)



Rubbegarnståna

Startpunkt	Sprengeneset, Hellesøy
Normal gangtid	Ca. 1 time. 2,9 km rundtur
Høgde	11 m.o.h.
Parkeringsplass	Hellesøy kai. Nokre P-plassar ved stistart Sprengneset.

TURSKILDNING: Sving inn til høgre ca 100m etter Hellesundkanalen, til vegen Sprengeneset. Følg denne vegen ca 0,5 km. Det står ei infotavle ved stistart som er på venstre side av vegen. Ein kan starte turen her, eller nokre hundre meter vidare innover. Stien er godt merka og er godt tilrettelagt med klopper over dei våtaste partia. Den austlege delen av turen er noko meir kupert og våt enn den vestlege delen. På stien på austsida er det eit stikkile nær sjøen. Den eine stien går inn i eit hyttefelt og skal ikkje brukast. Følg skilting mot Hellesøy til høgre om du kjem frå fyret. Ta til venstre mot nordvest om du kjem frå aust. Turkassen står i skogen litt sør for fyret. [Les meir om turen på UT.no](#)





SARTOR STORSENTER



TLF 951 87 323 / 971 10 336



5382 Skogsvåg - Tlf. 56 33 77 22 - www.collegium.no



BØRNES & FOSSE SNEKKERVERKSTED AS
Storbotn Næringspark 54 • Tlf: 56 33 96 30
www.vestlandstrappen.no



Bestill fra din smarttelefon: 56 33 70 70
Last ned appen FixIT Timebestilling
fra App Store eller Google play



Bestill fra din smarttelefon: 56 33 70 70
Last ned appen FixIT Timebestilling
fra App Store eller Google play



Salg av filet, lettsaltet og røykt fisk.
Tlf: 56 33 82 92 • Mail: telavagfisk@online.no



Maritimt supermarked - Sartor Storsenter
mail@sotranot.no | www.sotranot.no



**B TELLE
TREARBEID AS**
Et selskap i Telle Gruppen



www.panoramahotel.no | tlf: 56 31 90 00



tlf. 56 98 80 80
E-post: sundbilservice@automester.no



KALLESTAD TRANSPORT AS
tlf: 932 19 288



Tlf. 56 33 90 80 Mob. 951 03 394 www.glesver.no



TLF: 56 31 41 00



TOYOTA

Toyota Sotra AS



Meca



Polar Varme AS

Sælstoaven 2, 5337 Rong
Tlf: 55 26 90 60 / 975 98 036
Bensin - Diesel - Fyringsolje - Parafin



Midtstegen, 5382 Skogsvåg Tlf. 56 33 74 50

**ENTREPRENØR
JOSTEIN OEN AS**
tlf: 920 88 415



Salg av nye og brukte biler. Salg og utleie av bobiler.

Kjøp av brukte biler.

VI HAR VERKSTED MED
ALLE GODKJENNINGER I ALLE VEKTKLASSER

Tellnes Næringspark 28 Tlf. 56 33 10 00
5357 Fjell / Øygarden www.tellnesautosenter.no



Dyrebutikken på Fjell

Man - Fre: 11.00 - 18.00 Lørdag: 11.00 - 15.00
www.zooservice.no



ALGRØY
Elektro as

Tlf. 56 33 62 40 - www.algroyelektro.no



- et selskap i SOTRA GRUPPEN



Sund Apotek • Skogsvåg

Åpningstider: Man-fredag 09-18
lørdag 10-16



SEKKINGSTAD BIL

TLF. 98 69 44 77



5380 TELAVÅG • Mobil 91 37 70 72



OPNINGSTIDER:
man - fre 7-22, lør 8-20



**Øygarden apotek
Rong Senter**

TLF 56 38 90 00



**TUSEN TAKK TIL
VÅRE SPONSORAR!**

Dykkar bidrag er viktig i arbeidet vårt med å få flest mogleg ut på tur. Turglede er viktig for å skape forståing av verdien av å ta vare på vår vakre kystnatur.





GUTTA PÅ TUR

TUSEN TAKK til Rune Alvsaker Erichsen, Per-Erling Tellnes og Karstein Golten som samla inn kr 62.900 kr til Sotra Øygarden Turlag. I august 2021 gjekk dei tur i Stølsheimen frå sør til nord. På UT.no er dette ein 7-dagars tur på 102 km og svart nivå. Desse gutta gjekk turen på 4 dagar! Også i år var engasjementet stort på Spleis. Me vil også takke alle som bidrog i Spleisinnsamlinga.



Opplev Øygarden

På ei samleside for opplevingar i Øygarden kommune finn du lenkjer til turar og arrangement du kan delta på, turstiar du kan gå i Øygarden, musea våre og attraksjonar. På Facebook vil arrangement vera tilgjengelege.



Kunst i Nordsjøløypa

I november 2021 blei kunstverket «Blå Korall» av kunstnar og keramikar Helene Kortner på Ormhilleren avduka. Kunstverket er den første av tre installasjonar som skal setjast opp langs turstiar i Øygarden. I juni 2022 kjem det andre kunstverket, «Biepaviljongen» på Ekrhovda. I løpet av sommaren er planen å realisera det tredje kunstverket, «Livets Portal», sør i kommunen.

Nordsjøløypa er spesielt rik på kulturminne og bind saman gamle ferdselsårar. Saman med musea våre formidlar vi samanhengar mellom fortid, nåtid og framtid. Vi ønskjer at «Blå korall», «Biepaviljongen» og «Livets Portal» kan utvide turoppevinga og vera eit turmål i seg sjølv. Du finn meir informasjon om kunsten på nettsida til kommunen under Opplev Øygarden.



OYGARDEN.KOMMUNE.NO/OPPLEVOYGARDEN

Tirsdagsgruppa og Onsdagsgruppa

Seniorgruppa er delt inn i Tirsdagsgruppa og Onsdagsgruppa. Dei arrangerar turar med høg sosial faktor. Det er gratis å vere med på våre arrangement dersom ikkje anna er annonser.

Målgruppa for turane er seniorar som ynskjer å kome i fysisk aktivitet og bli ein del av eit sosialt turmiljø. Andre som har høve til å gå tur på dagtid er også velkomne.



Søndagsgruppa

Søndagsgruppa er frå tidlegare Sotra-Øygarden Turlag. Denne gruppa arrangerer fellesturar annakvar søndag frå mars til desember, delt inn i vår- og haustprogram. Det er varierte turar som er opne for alle som ynskjer å gå på tur saman med andre.



SØNDAGSGRUPPA

DATO	TURMÅL	OPPMØTESTAD /TID	VARIGHEIT
13.03	Haganesfjellet med start frå Haganes	Parker vest for Haganes. Kl. 10:30	3-3,5 t
27.03	Rundtur på gamle stier på Littesotra	Øygarden rådhus. Kl. 10:30	3-3,5 t
10.04	Gamle Hjelme kyrkje – Rubbegarnståna	Ved Gamle Hjelme kyrkje. Kl. 10:30	3-3,5 t
24.04	Glesnes rundt	Start frå Glesnesholmen. Kl. 10:30	2-2,5 t
08.05	Fjereide – Spjeldsfjellet og retur	Fjereide. Kl. 10:30	3-3,5 t
22.05	7-fjellstur Haganes-Spjeldsfjellet	Haganes. Kl. 09:00	7-9 t
06.06*	Dronningfjellet Askøy *(NB mandag)	Øygarden rådhus. Kl. 10:30	2,5-3 t
04.09	Kårtveitpollen – Havutsikten med jettegryte, Angeltveitsjøen – Landro	Kårtveitpollen. Kl. 10:30	3-3,5 t
18.09	Skogsøy	P-plass v/bru mot Herdlevær. Kl. 10:30	3 t
02.10	Selstø – Tenneset – Keipen – Selstø	Selstø-krysset. Kl. 10:30	4 t
16.10	Svartediket – Rundemanen – Knatten- Svartediket	Øygarden rådhus. Kl. 10:00	4-4,5 t
30.10	Tjeldstø – Alvheimsmarkja – Tjeldstø	Tjeldstø bedehus. Kl. 10:30	2,5-3 t
13.11	Ulveset – Revursvatnet – Morland – Fjell	Parkering Fjell kyrkje. Kl. 10:30	3,5-4 t
27.11	Telavåg – Brøtvarden – Nesvikja – Telavåg	Telavåg idrettsplass. Kl. 10:30	3,5-4 t

TIRSDAGS- & ONSDAGSGRUPPA

 Tirsdagsgruppa
 Onsdagsgruppa

VÅREN 2022 / SOTRA ØYGARDEN TURLAG

DATO	TURMÅL	OPPMØTESTAD/TID	VARIGHEIT
08.03	Bestemorte	Førdestraumen 10.30	1-2 t 
09.03	Ågotnes – Landro – Angeltveit – Kårtveitpollen – Ågotnes	Fjell kyrkje kl.10.30	3.5t  
15.03	Veten frå Hamre	Hamre 10.30	3 t 
16.03	Vikåsen, via Jurefethauen og Bølgekraftverket	Fjell kyrkje kl. 10.30	4.5 t 
22.03	Goltavegen–Keipen	Kausland 10.30	4 t 
23.03	Idlefjellet-Trollskogen	Fjell kyrkje kl.10.30	4.5 t 
29.03	Smøråsfjellet	Hald Stadion 9.30	Heildag 
30.03	Foldnes, i vestmarka	Fjell kyrkje kl.10.30	4.5 t 
05.04	Sælekletten	Tofterøy skule 10.30	3 t 
06.04	Vindeneskvarven	Fjell kyrkje kl. 10.30	4 t 
13.04	PÅSKE	-	-
19.04	Skogsøy	Hald Stadion 10.30	3.5 t 
20.04	Havutsiken-Angeltveitsjøen	Fjell kyrkje kl. 10.30	3.5 t  
26.04	Tyssøy	Hald Stadion 9.30	3 t 
27.04	Fjæreide-Kårtveit-Fjæreide, rundtur	Fjell kyrkje kl. 10.30	5 t 
03.05	Bekhilleren	Telavåg Stadion 10.30	3 t 
04.05	Rundtur v/Dethloffhytta	Fjell kyrkje kl. 10.30	3 t  
10.05	Storaskjenet	Skogsvåg skule 10:30	2,5 t 
11.05	Rundtur i Kanadaskogen	Fjell kyrkje kl 10.30	4,5 t  
18.05	Øvre Golta	Fjell kyrkje kl. 10.30	3,5 t  
24.05	Bjelkarøy	Klokkarvik ferjekai12:40	Heildag 
25.05	TUR UTGÅR	-	-
31.05	Sandeide	Hald Stadion 9:30	5 t 
01.06	Stolåsen	Fjell kyrkje kl. 10.30	4,5 t 
07.06	Vorlandstu	Haugheim 10:30	3,5 t 
08.06	Båttur til Solund, Utvær mm.	PÅMELDING Frå Bergen kl. 08.00	Dagstur 
14.06	Kongsen Bekkjarvik	Hald Stadion 8:15	Heildag 



HAUSTEN 2022 / SOTRA ØYGARDEN TURLAG

DATO	TURMÅL	OPPMØTESTAD/TID	VARIGHEIT
14.-19.08	Bergsjøstolen Fjellstue, Ål	PÅMELDING	5 d  
23.08	Risøy	Glesvær kai 10.30	4 t 
24.08	Foldnesmarka, i austmarka	Fjell kyrkje kl. 10.30	4 t 
30.08	Telavåg-Kallestad	Hald Stadion kl. 09.30	4 t 
31.08	Kvedna, Kallestad	Fjell kyrkje kl.10.30	4 t 
06.09	Kanadaskogen	Hald Stadion kl. 09.30	Heildag  
07.09	Gamle Hjelme kyrkje – Rubbegarnståna	Fjell kyrkje kl.10.30	5 t  
13.09	Lerøy	Klokkarvik ferjekai kl. 12.40	Heildag 
14.09	Signalen	Fjell kyrkje kl.10.30	2,5 t 
20.09	Fjell-Bildøybakken	Hald Stadion kl. 10.30	3,5 t 
21.09	Gjerdet, Bankesteinen, Kannikahaugen m.m	Fjell kyrkje kl.10.30	3,5 t  
27.09	Ulriken oppstemten	Hald Stadion kl. 09.30	Heildag 
28.09	Tjeldstømarka	Fjell kyrkje kl. 10.30	4 t. 
04.10	Stordalen-Laksen	Sundskogen kl. 10.30	3,5 t 
05.10	Haganesfjellet frå Haganes	Fjell kyrkje kl.10.30	4,5 t.  
11.10	Lutatangen	Nedre Golten kl. 10.30	3 t 
18.10	Lyderhorn	Hald Stadion kl. 09.30	Heildag 
19.10	Kanadaskogen, rundtur	Fjell kyrkje kl.10.30	4,5 t 
25.10	Gløvrebu - Seløy	Hald Stadion kl. 10.30	2 t 
26.10	Steinsvatnet tursti	Fjell kyrkje kl.10.30	4 t. 
01.11	Forland rundt	Spar butikken kl. 10.30	3 t 
02.11	Krabbakjeila, Algrøyna	Fjell kyrkje kl.10.30	4,5 t 
08.11	Saltskohavn	Hald Stadion kl. 10.30	3 t 
09.11	Lokøyna	Fjell kyrkje kl.10.30	3 t 
15.11	Fjæreidvatnet rundt	Hald Stadion kl. 10.30	3,5 t 
16.11	Skogsøy	Fjell kyrkje kl.10.30	4,5 t 
22.11	Glesnes Rundt	Glesvær kai kl. 10.30	3 t 
23.11	Børnestangen	Fjell kyrkje kl.10.30	4,5 t 
30.11	Avslutning av turåret, Juleavslutning. Påmelding innan 23.11. Meir info kjem her: https://sotraoygarden.dnt.no/		3-3,5 t 

Slik brukar du klippekortet:

Når du gjennomfører eit av dei 30 turmåla i dette heftet klipper du eit hol ved turmålet som står på klippekortet. Ved kvart turmål er det ein turkasse. Oppi her er det klippetang. Skriv deg gjerne inn i turboka som ligg i turkassa ved nokre av turmåla.

Når du har gått minst 10 turar er du med i trekninga av fine premiar (barn under 6 år minst 7 turar). Dei som går alle 30 turane får eit merke (pin). Det blir også trekt premiar blant dei som har minst 10 forskjellige innsjekk i SjekkUT-lista "Kystpass2022" (meir informasjon om UT.no og sjekkUT på side 7).

Trekning vert kungjort på nettside og Facebook, både for Kystpass og SjekkUT. Bruk gjerne emneknaggen # kystpass2022 når du går Kystpasstur.

Vil du ha med eitt av dine turbilete i Kystpasset 2023?

Send bilet til oss på epost sotraoygarden.turlag@dnt.no. Biletet må ha god opplysing. Me trekker fem vinnarbilete som blir med i Kystpasset 2023, med kreditering.

NIVÅ PÅ TURANE



ENKEL



MIDDEL



KREVJANDE

DEL AV
NORDSJØLØYPE

Neste nivå er ekspert, slike turar har vi ikkje i Øygarden Kommune



X

Lerøy	Børnestangen	Bestemortreet	Selekletten	Bekhilderen	Grana	Storaskjønet	Haganesfjellet	Randifjell	Veten	Liatårnnet
Namn										
Adresse										
Alder	Telefon									
e-post										
<input type="checkbox"/> Er medlem i DNT lokallag										
<i>Alle som har gått minst 10 turar (barn under 6 år minst 7 turar) er med i premietrekninga, men for å vere med i hovudpremien må du være DNT-medlem. Hugs å krysse av her. Klippekortet kan du levere inn på eit av folkebiblioteka innan 1. mars 2023. NB: Kystpassmerket (pin) vert berre delt ut på biblioteket på Straume.</i>										
<i>Mangler det klippetang, er boka fullskriven eller er det noko anna du vil melde frå om? Send gjerne epost til oss: sotraoygarden.turlag@dnt.no</i>										
Pardalsmyra	Storskora	Anekletten	Dethloffhytta	Rambogen	Skogsøy	Kvedhane	Listelstakkene	Glovvrebu	Rubbegarnståna	
Gardafjellet	Bekkebrua i Kolltveitmarka									
Spjeldsfjellet										
Larslibua										
Signalen på Møvik										
Maggevikja										
Ånesvika										
Varden på Lokøy										
Vest i Markja på Misje										



KLIPPEKORT

30 TURMÅL FOR STORE OG SMÅ!



FØLG OSS GJERNE FOR MEIR INFORMASJON OM
TURAR, PREMIAR OG ARRANGEMENT

Sotra Øygarden Turlag

Facebook: <https://www.facebook.com/sotraoygarden/>

Heimeside: <https://sotraoygarden.dnt.no/>

Instagram: <https://www.instagram.com/sotraoygardenturlag/>

Sotra Øygarden Turlag

